

Referat frå møte i forhandlingsutvalet

Vedlegg til protokoll nr 01/2018

Møtedato: 08.11.2018.

Stad: Scandic Seilet Hotel Molde

Bakgrunnsdokumentasjon:

- [Samhandlingsavtalen mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF](#)
- [Sak 2018/15 Etablering av forhandlingsutval for revisjon av Samhandlingsavtalen](#)
- [Sak 06/2017 Status, evaluering og utvikling av Samhandlingsavtalen som rammeverk](#)
- [Sak 2017/17 Oppfølging evaluering samhandlingsavtale – tilråding vidare prosess](#)
- [Sak 2017/37 Evaluering av Samhandlingsavtalen i Møre og Romsdal – tilråding og vidare prosess](#)

Viser elles til [presentasjon](#) frå møtet, samlehefte og protokoll.

Samandrag:

Møtet vart innleia av konstituert samhandlingssjef Lena Bjørge Waage med ei presentasjonsrunde av møtedeltakarane i møtet. Ein gjekk gjennom oversikt over forhandlingsutvalet si samansetning iht medlemmar og varamedlemmar. Sakslista vart gått gjennom og godkjent slik den var framstilt.

Sak 2018/02 Orienteringssaker

Bakgrunn og historikk

Ein gjekk gjennom bakgrunn for lovfesta samhandlingsavtale, historikk iht tidlegare revisjonar og føremål;

«..Samhandlingsavtalen har til formål å konkretisere oppgave- og ansvarsfordelingen mellom kommunen og helseforetaket, og skal bidra til at pasienter og brukere mottar et helhetlig tilbud om helse- og omsorgstjenester» (Samhandlingsavtalen, 2015: punkt 1).

Som verdigrunnlag vart følgjande moment løfta fram;

*«Samarbeidet bygger på **tillit** og **åpenhet** mellom **likeverdige parter** som er gjensidig avhengig av hverandre for å kunne gi et godt helhetlig tilbud».*

*«**Pasientens / brukerens beste skal alltid være i fokus.** Pasienten/brukeren står i sentrum og er på felles helsearena enten pasienten er i helseforetaket eller i kommunen. (Samhandlingsavtalen, 2015:punkt 2)».*

Det er semje i forhandlingsutvalet om at desse prinsippa skal ligge til grunn for det vidare arbeidet med å revidere Samhandlingsavtalen. Målet er å utvikle avtalen slik at den understøttar oppgave- og ansvarsfordelinga mellom nivåa og pasienten skal vere i fokus.

Innhaldet i samhandlingsavtalen med hovudavtale og dei ulike delavtalane vart skildra, noko som viser kompleksiteten i avtaleverket. Forsking¹ på avtalane har mellom anna peika på utfordringar knytt til at avtalane er omfangsrike, både i tal og detaljeringsgrad. Dei er krevjande å handtere og etterleve og det vert stilt spørsmål om avtalen som verkty er tilstrekkelege for at intensjonane og forpliktingane blir etterlevd. Eit viktig spørsmål ein har stilt i lys av evalueringsprosessen til samhandlingsavtalen, er om gjeldande avtale, gir gode veksingar til pasienten sitt beste?

Evalueringsprosess og mandat for reforhandlingsprosessen

Oddbjørn Tomren, medlem av arbeidsgruppa² til Overordna samhandlingsutval (OSU) og avdelingssjef v/med. avdeling Molde sjukehus, tok ein gjennomgang av gjennomført evalueringsprosess for samhandlingsavtalen.

Bakgrunn for saka kan lesast i [sak 06/2017](#) frå møte i OSU 7. februar 2017. OSU rådde til at det vart starta eit arbeid med å planlegge prosess, med mål om å utvikle samhandlingsavtalen som verkty for samhandlingsarbeidet. OSU rådde til at arbeidsutvalet fekk i mandat å planlegge prosess som sikra involvering på tvers av nivåa.

Det er behov for å utvikle avtaleverket slik at Samhandlingsavtalen får nødvendig legitimitet og kan bidra til ei ønska utvikling av helsetenestetilbodet i Møre og Romsdal. Dette krev ei nytenking rundt prosess, struktur og avtalen si form og innhald.

Viser til [sak 2017/17](#) frå møtet i OSU 22.november 2017.

«..For evaluering av Samhandlingsavtalen vil arbeidsutvalet vise til behov for forenkling og samanstilling til færre delavtaler. Ein syner til St. Olav sin samarbeidsavtale³ og det bør vurderast kor vidt ein kan nærme seg ein liknande avtale i Møre og Romsdal. Språklyd og val av terminologi har betydning knytt til kven som er målgruppa for Samhandlingsavtalen. Innhaldet må tilpassast slik at også fagmiljø på tvers av nivå opplever at innhaldet har verdi og relevans når forpliktingane skal omsettast i praksis pasientnært. Arbeidsutvalet vil derfor peike på behovet for å trekke inn fagpersonell i evaluering og justering av innhaldet i Samhandlingsavtalen».

Arbeidsutvalet tilrådde ein evalueringsprosess som sikra involvering brå både kommunane og helseføretaket. Ein la difor opp til felles dagseminar/workshop med føremål om å evaluere avtalen og identifisere forbetringstiltak. I forkant av workshopen vart det vist til fleire planleggingsmøter og møter med dei ulike regionråda i fylket for å drøfte innhaldet i planlagt evalueringsprosess.

¹ Deloitte.(2014): KS FoU-prosjekt nr.:134017: «Samarbeidsavtaler mellom kommuner og helseforetak – etterleves de?» <http://www.ks.no/globalassets/vedlegg-til-hvert-fagomrader/helse-og-velferd/samhandlingsreformen/forskning-og-evaluering/fou-samarbeidsavtaler-mellom-kommuner-og-helseforetak-deloitte.pdf>

³ Nasjonalt nettverk for implementering av samhandlingsreformen.(2015): *Sluttrapport* <https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMST/Helse%20og%20omsorg/Samhandlingsreformen/Sluttrapport/Sluttrapport%20nasjonalt%20nettverk.pdf>

² Siv Iren Stormo Andersson, kommunalsjef Kristiansund kommune, Synnøve Vasstrand Synnes, rådmann Ørskog kommune og Oddbjørn Tomren, avdelingssjef Klinikk for medisin og rehabilitering HMR

³ St.Olavs Hospital.(2016):*Samarbeidsavtale og underliggende retningslinjer inngått mellom St.Olavs Hospital og kommunene i Sør-Trøndelag samt samarbeidende kommuner.* <https://ekstranett.helse-midt.no/stolav/samarbeidsutvalg/Presentasjoner/Samhandlingsavtale%20med%20underliggende%20retningslinjer%2008022016.pdf> lasta ned 10.05.17.

Felles workshop vart arrangert 7. november, med god deltaking frå både kommunane, helseføretaket og Brukarutvalet i HMR. Sjå nyheitssak om workshopen [her](#).

Arbeidsutvalet sine tilrådingar til OSU, var basert på innspel frå workshopen og la fram følgjande tilråding;

Forhandlingsutvalet sine oppgåver vil vere å etablere og følgje prosessen fram til utkast til ny Samhandlingsavtale. Om ynskjeleg vil arbeidsutvalet, på bakgrunn av den kunnskap utvalet no har tileigna seg, kunne bistå forhandlingsutvalet i høve oppgåver med å følgje opp ein prosess som skal vere prega av desse føringane:

- *Målet er å få eit avtaleverk som støttar utvikling og god samhandling*
- *Eksisterande samhandlingsavtale med gjensidig forpliktingar og rettar skal danne grunnlaget for ny avtale.*
- *Det er ønskjeleg med ei forenkling av avtalestruktur med ei hovudavtale i botn og tilhøyrande operative retningslinjer. Desse retningslinjene er tenkt å erstatte dagens delavtalar. «Trøndelags-avtalen» kan være ein modell for ny avtalestruktur, - herunder*
 - *det er ønskjeleg at eksisterande fagråd/arbeidsgrupper/kliniske samhandlingsutval blir involvert ved omarbeiding av aktuelle delavtalar til faglege retningslinjer*
 - *vurdere å opprette nye fagråd/arbeidsutval på fagområder der slike partsamansette utval ikkje finnes i dag.*
- *Det vil vere naturleg å sjå på samhandlingsstrukturen som ein konsekvens av nytt avtaleverk.*
- *Det er viktig med ei brei involvering og at ein brukar god tid på forankring av det prosessuelle.*
- *Det er behov for brei høyring både av korleis prosessen skal riggast samt av avtaleverket.*
- *Det er avgjerande for ein vellukka prosess at det vert avsett nok ressursar til det føreståande arbeidet, både frå kommunane og frå helseføretaket.*

I same sak vart det fatta følgjande vedtak;

1. *Overordna samhandlingsutval sluttar seg til tilrådingane frå arbeidsutvalet.*
2. *Overordna samhandlingsutval tilrår at det blir oppnemnt eit forhandlingsutval ut frå Samhandlingsavtalen*
 - *Overordna samhandlingsutval ber regionråda, helseføretaket, KS og brukarutvalet om å oppnemne sine representantar*
3. *Overordna samhandlingsutval tilrår at forhandlingsutvalet har følgjande mandat:*
 - *Etablere og følgje prosessen fram til utkast til ny Samhandlingsavtale*
4. *Følgjande prinsipp skal danne grunnlag for vidare arbeid, der målet er å få eit avtaleverk som støttar utvikling og god samhandling*
 - a. *Gjeldande samhandlingsavtale og delavtalar, med gjensidig forpliktingar og rettar mellom partane, skal danne grunnlaget for ny avtale.*
 - b. *Ein er samd om å drøfte ei forenkling av dagens avtalestruktur.*
 - c. *Eksisterande fagråd/arbeidsutval/kliniske samhandlingsutval blir involvert ved omarbeiding av delavtalar til faglege retningslinjer. Der slike fagråd ikkje finnes i dag, må slike partsamansette fagråd oppnemnast.*
 - d. *Det skal vere brei involvering og brukast god tid.*
 - e. *Gode høyringsprosessar*
 - f. *Det må avsettast nok ressursar til det føreståande arbeidet, både frå kommunane og frå helseføretaket*

I diskusjonen i forhandlingsutvalet i møte 8. november, vart mandatet lagt fram slik det gjekk fram av vedtakspunkta over. *Etablere og følgje prosessen fram til utkast til ny Samhandlingsavtale.*

Til mandatet, vart det vist til ordlyden «ny Samhandlingsavtale» og då det er snakk om ein revisjon, må dette justerast slik det er samsvar. Dette er lagt til protokollen.

Slik det kom fram i møtet, vart det uklart for forhandlingsvalet i høve til mandatets punkt 4, særskilt bokstav b og c, å drøfte ei forenkling av dagens avtalestruktur (bokstav b) og omarbeiding av delavtalar til retningslinjer (bokstav c). Det vart peika på behov for eit tydlegare mandat frå OSU.

Det vart vist til at hovudmål med revisjon av samhandlingsavtalen må vere å får avtalen til å fungere enda betre operativt, og det vart vist til behovet for å endre faglege retningslinjer fortløpande, at det kan vere meir hensiktsmessig at detaljerte skildringar iht pasientforløp, ansvar- oppgåvedeling, blir tatt inn i retningslinjer, som lett kan endrast. Forplikingane kan ivaretakast i hovudavtalen.

Viktige moment er:

- Felles forståing av utfordringsbilete
- Vurdering/analyse av kva som bør endrast og kvifor
- Kva ønskjer ein å oppnå med endringa?
- Forhandle om endringar og avklare avtalsestruktur/innhald

Forhandlingsutvalet ber om at OSU konkretiserer mandatet med dei innspela som kom fram i møtet. Dette er lagt til protokollen.

Sak 2018/16 Delavtale Barn og unge

Viser til [sak 2018/16](#). Forhandlingsutvalet vart orientert om tilrådinga frå klinisk samhandlingsutval om eigen delavtale til barn og unge i Møre og Romsdal.

Etablering av fagråd

Det vart til vedlagt notat om fagråd. Notatet viser til at vi har ulike avtalar og struktur i Midt-Norge og at det er behov for meir likskap og standardisering. Teknologi og innføring av Helseplattformen er ein viktig drivar.

Planlagt regionalt samarbeidsmøte

Det vart vist til invitasjon til regionalt møte for arbeidsutvala til ASU/OSU i regionen. Tema vil vere drøfing av felles samhandlingskonferanse 2019 og om det skal igangsettast arbeid med harmonisering av avtaleverket mellom sørlige og nordlige Trøndelag og Møre og Romsdal.

Forhandlingsutvalet tok orienteringssakene til vitande.

Sak 2018/03 Sekretariatsfunksjon

Forhandlingsutvalet vart lagt fram sak om sekretariatsfunksjon. Ein viser til sak 2018/15 der det vart tilrådd at dette vart lagt til kommunane i fylket. Til saka vart det lagt ved konklusjonsnotat frå møte mellom KS, regionråda og HMR 13.september. Her var det skildra tre ulike løysingar;

1. Eit regionråd på vegne av fellesskapet
2. Seksjon for samhandling HMR
3. arbeidsgruppe representert frå regionråd og seksjon for samhandling, KS konsulent som prosessbistand

I etterkant av møtet kom det henstilling frå ROR og Orkidè om at KS tek sekretariatsfunksjonen.

I møtet var det med bakgrunn i diskusjonen kring mandat og prosess, vanskeleg å sjå for seg behov for ressursinnsetting iht sekretariatet. Forhandlingsutvalet var difor einige om at saka måtte utsettast til neste møte i forhandlingsutvalet.

Sak 2018/15 Konstituering, kostnadsdeling og framdriftsplan

Det vart vist til at OSU ønskjer ei sak i neste møte knytt til leiging, framdriftsplan og kostnadsdeling.

Forhandlingsutvalet innstilte konstituert samhandlingssjef Lena Bjørge Waage som leiar.

Når det gjeld kostnadsdeling, var det semje om at medlemmane dekker eigne møtekostnader. Dette vil også gjelde for fagråd/utval som tek del i arbeidet med revisjonen.

Følgjande framdriftsplan vart avklart i møtet;

- Sak til OSU 27.november
 - o Protokoll og referat frå møtet med innspel på mandat og behov om konkretisering
- Arbeidsutvalet med deltaking frå seksjon for samhandling deltek i regionalt møte 5. desember.
- Nytt møte i forhandlingsutvalet 17. januar.
 - Tentativ agenda/tema:
 - Konkretisering mandat frå møte i OSU 271118
 - Tilbakemeldingar frå regionalt møte
 - Innspel frå medlemmane iht forbetningsområder
 - Presentasjon av avtalemodell Sør-trøndelag v/samhandlingsdirektør Tor Åm og evt Runar Asp samhandlingsleiar vørnesregionen